



Ordføraren  
**Suldal kommune**

Olje- og Energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Dato: 30.06.2021  
Arkivkode: K2-S04  
Dykkar ref.  
Vår ref. 17/262-130  
21/10886  
Gerd Helen Bø

## **RØLDAL SULDAL KRAFT**

Suldal kommune er ikkje nøgd med regjeringa sitt nylege vedtak.

Kommunane sine økonomiske rettar og lokalsamfunna sine miljømessige omsyn, vert ikkje godt nok ivaretekne i vedtaket.

Kommunane hadde rekna med at konsesjonen skulle fornyast. Hydro sjølv uttalte og det i 2014 i innspel til vassforvaltingsplanane for regionen:

*«Som det fremgår over er konsesjonene for anleggene i Røldal-Suldal tidsbegrenset med vilkår om hjemfall 21.12. 2022. Hydro Energi vil begynne arbeidet med søknad om fornyelse av konsesjonene i god tid før dette tidspunkt.»*

*«Hydro oppfatter det dithen at en fornyelse av konsesjoner er å betrakte mer omfattende enn revisjoner av evigvarende konsesjoner.»*

Konsesjonssaka i Røldal-Suldal (RSK) var spesiell då det vart gitt løyve til utbygginga i 1962. Det vart opna for naturinngrep i eitt omfang som ikkje var vanleg. Det var i ei tidsånd der industrireisinga var eit viktig nasjonalt grep. Det var mest sjølvstøtt at den store attreisinga gjekk føre viktige naturverdiar og lokalsamfunn. Vasskrafta var sentral i denne industrisatsinga.

Likevel er Røldal-Suldal utbygginga spesiell også i dag: Hydro sin konsesjon vart gitt på 60 år og skulle gå ut i 2022. Etter gjeldande reglar då konsesjonen vart gitt, ville kraftanlegga heimfalla til staten. Ved slikt heimfall hadde vertskommunane krav på inntil ein tredel av anlegget sin verdi.

Etter at Norge i 2007 tapte den såkalla heimfallssaka i EFTA-domstolen, vedtok Stortinget i 2008 store endringar i konsesjonslovene. To viktige endringar hadde stor betydning for vertskommunane: for det første at private selskap som Hydro fekk rett til å selja eigarandelar slik at kraftselskapet går over til å verta offentleg eigd og då kan krevja ei omgjerung av konsesjonen til å verta evigvarande. For det andre at ei slik omgjerung medfører at heimfallsretten fell bort. Den skal jo tre i kraft når konsesjonen går ut. Etter omgjerung er det ikkje lenger nokon avgrensing, men evigvarande konsesjon.



| Eidsvegen 7, 4230 SAND  
| Bankgiro: 3202.07.01153

| 52 79 22 00  
| org. nr 964 979 189

| postmottak@suldal.kommune.no  
| www.suldal.kommune.no

Det store slaget etter EFTA-dommen sto om det offentlege eigarskapet og ei frykt for utanlandske oppkjøp av vasskrafta. Det var ikkje mykje fokus på kommunane sin heimfallsrett, også fordi det var så mange år til det ville koma. Det er inga tvil om at Stortinget svekka vertskommunane sine historiske rettar ved omlegginga i 2008. Fordi heimfallsandelen til kommunane forutset at det skjer eit heimfall, kan ein seia at «barnet vart kasta ut med badevatnet» ved den nasjonaliseringa som fann stad. Dette skjodde utan at nokon eigentleg meinte å svekka vertskommunane sine rettar.

Kommunane vil at myndighetene sørger for at Ullensvang og Suldal vert sikra det dei berørte lokalsamfunn er lova gjennom vasskrafta si historie!

Denne uretten må rettast opp slik at omsynet til kommunane vert ivareteke. Kommunane har kjempa gjennom overfor Stortinget, at det no skal setjast i gang ein omfattande prosess med gjennomgang av miljøstatus og miljøforbetringar i heile vass-strengen. Her er det grunnlag for store endringar i konsesjonsvilkåra. Få om nokon eldre vassdragsreguleringar har vore så brutale mot naturmiljøet som denne utbygginga, særleg i og omkring Røldal. Naturen vår skaper milliardverdier kvart år, desse kjem i all hovudsak andre til gode. Me er klare til å setja alle krefter inn på ein offensiv revisjonsprosess som må sikra Ullensvang og Suldal ein rettferdig del av den store verdiskapinga, samt fjerna nokre av dei store naturinngrepa som i dag verkar heilt uakseptable. Dette vil krevja hardt og planmessig arbeid frå kommunane si side og alle må dra i den same retninga. Staten og konsesjonæren må ta omsyn til kommunane.

Revisjonen av RSK anlegga må sikra at:

- Suldal og Ullensvang får det samfunnskontrakten og vasskraft historia har lova.
- Kommunane får ein rettferdig del av den store verdiskapinga som RSK anlegga representerer.
- Anlegga må vera basert på moderne og berekraftige miljø- og naturomsyn.
- Dei store naturinngrepa som i dag framstår som heilt uakseptable må fjernast.
- Reguleringa av vassdraga må reduserast.
- Reguleringa av Valldalsvatnet og Røldalsvatnet må vera vesentleg mindre.
- Manøvreringsregimet må vera slik at erosjonsskadar vert redusert.
- Det må sikrast sikker vinterveg i Valldalen og sikre sommar- og vinterveg andre stader som har fått dårleg tilkomst på grunn av anlegget, mellom anna i Kvanndalen.

Med helsing

Gerd Helen Bø  
Ordførar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur*